



Høgskulen
på Vestlandet



Informasjonshefte for nye studentar

Nettstudia i sosiologi

Velkomen som student hjå oss hausten 2024!

Her vil du finne ein del nyttig informasjon om korleis studiet ditt er lagt opp. Dette skrivet gjeld alle som skal byrje på:

- Sosiologi bachelor, nettstudium:
[Sosiologi | nettstudium - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#)
- Sosiologi-ungdomssosiologi årsstudium, nettstudium:
[Sosiologi – ungdomssosiologi | nettstudium - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#)

Studentane på årsstudiet og 1. år bachelor tek de same emna og følger den same undervisninga det fyrste året. Førelasingane vil variere mellom «live» (som vert tatt opp) og førehandsinnspelt stoff.

Studiestart

Studiestart er måndag 12. august. Den fyrste veka har eit eige program, som du finner på nettsida [Studiestart for nettstudium - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#) når studiestart nærmar seg. I oppstartveka vil det bli introduksjon til studiet, informasjon om dei ulike systema, og ikkje minst aktivitetar der studentane får høve til å bli betre kjende med kvarandre og med faglærarane!

Frå måndag 19. august er det ordinær undervisning, og timeplanen vil kome i TimeEdit som du finn under «For studentar» på hvl.no. Det fyrste emnet er SOS120 Danning og akademisk handverk. Vi anbefaler at du registrerer deg så tidleg som mogleg for å få tilgang til læringsplattforma Canvas.

Studieprogramsidene

Kvart av studia har sin eigne studieprogramsider som du finn ved å klikke på lenkjene over, eller ved å søkje på studia på <https://www.hvl.no/>. Her finn du grunnleggjande informasjon om studiet, litt om kva jobbar du kan få etterpå, og lenkjer til studieplan og emneplanar. Du finn også historier frå tidlegare studentar om korleis det har vore å studere sosiologi på HVL og kva dei har gjort etter studia.

Studieplanar og emneplanar

På studieprogramsida finn du *studieplanen* for det studieprogrammet du er teken opp på. Studieplanen er kontrakten mellom deg som student og høgskulen og seier noko om kva du skal lære og korleis studiet er bygt opp og skal gjennomførast.

Under studieplanen ligg *emneplanane* som fortel kva kvart av dei seks emna studieåret 2024/25 inneheld, korleis undervisningsaktivitetane på emnet er lagde opp, og kva vurderingsformer/eksamen som høyrer til emnet. Her finn du også *pensum* for emnet.

Det ligg mykje viktig informasjon i studie- og emneplanane, så me rår deg til å lese gjennom dei før studiestart.

Oppbygginga av studiet

Studieåret ditt vil bestå av seks emne som kvart er på 10 studiepoeng. Alle

sosiologistudentar tek dei same emna. Nokre av emna tar sosiologistudentane saman med studentar frå samfunnsfag og historie.

Bachelorstudentar kan lese meir om innhaldet i 2. og 3. studieår på studieprogramsida og i studieplanen. Det 2. året er eit valfritt år der ein står fritt til å ta emne hjå oss eller andre fag, eller reise på utveksling. Me har likevel eit tilrådd løp med emne i sosiologi og andre samfunnsfag. Det 3. året er eit fordjupingsår med emne ein må ta.

Årsstudiet/1. år bachelor 2024/25

Periode	Emne
August/september	SOS110 Danning og akademisk handverk
Oktober/november	SOS120 Ungdomssosiologi
November/desember	SOS130 Klassiske sosiologiske perspektiv
Januar/februar	SOS140 Nyare sosiologiske perspektiv
Februar/mars	SOS150 Frå ung til vaksen
April/mai	SOS160 Sosiologisk forskningsmetode

All undervisninga vår er «bolka», det vil seie at det er avsluttande **eksamen** i eitt emne førundervisninga i det neste byrjar. Eksamenane vil altså vere spreidde gjennom året. Det går fram av emneplanane korleis eksamen blir gjennomført på dei ulike emna. Eksamensforma vil variere, men alle er nettbaserte.

Undervisningsaktivitetar og timeplan

Det vil variere noko frå emne til emne korleis undervisningsaktivitetane er lagde opp. Det vil vere en blanding av undervisning der en kan logge seg inn og følgje en førelesning på Zoom og formidling gjennom ulike nettressursar som videoførelesning, podcast og anna.

Arbeidskrav/obligatoriske læringsaktivitetar: Emneplanane har eit kapittel som heiter «arbeidskrav». Dette er obligatoriske aktivitetar som *må* vere gjennomførde og godkjende for at du skal kunne gå opp til eksamen. Dette kan vere skriving av fagtekstar, fleirvalstestar (multiple choice) og gruppearbeid. Sjå emneplanane for detaljar.

Fellesførelesingar: Normalt vil to til tre økter vere felles førelesingar på Zoom der faglærer vil leggje vekt på å få fram samanhengar og lange linjer i temaet.

Seminarundervisning: Nokre økter blir organiserte som seminarundervisning. Her vil det bli lagt meir opp til at studentane aktivt skal arbeide med oppgåver og litteratur. Den meir seminarprega undervisninga kan også bli integrert i fellesførelesingane – dette vil variere.

Timeplanen for fellesførelesingane og seminarundervisninga vil kome i løpet av sommaren i TimeEdit, som er timeplansystemet til høgskulen. [Du kan søkje opp timeplanen din her.](#) Når semesteret kjem i gang og du får brukarkonto ved HVL, vil din personlege timeplan bli lett tilgjengeleg. I timeplanen vil du etter kvart finne all informasjon om faglærarar, tema, pensum og aktivitetar for kvar økt. Det er ikkje obligatorisk frammøte til undervisninga, men me vil rå alle til å delta når dei kan.

Oppgåveskriving: På fleire av emna er det lagt opp til ei eller fleire innleveringsoppgåver der de vil få rettleiing frå faglærer. Det vil variere frå emne til emne både kor mange, kor lange og kva typar oppgåver som blir gjevne. Emneplanane har noko informasjon om dette, og elles vil de få vite meir når det aktuelle emnet startar opp.

Lesing og eiga jobbing med stoffet: På eit høgskule- og universitetsstudium vil mesteparten av normalarbeidsveka alltid gå med til at du sjølv les pensum og arbeider med stoffet – oppgåver, repetisjon, samtale med andre studentar og liknande. Dei organiserte læringsaktivitetane fyller berre ein mindre del av dagen/veka. Studiet krev såleis at du skaffar deg gode arbeidsvanar der du greier å arbeide sjølvstendig og jamt og trutt.

Samarbeid med andre studentar: Det er svært nyttig å samarbeide med andre studentar om å lære seg stoffet (det som blir kalla ‘kollokviegrupper’). Det kan vere gjennom felles oppgåveløysing, at ein sit saman på t.d. Zoom og les og spør kvarandre for å forstå stoffet betre. Me oppmodar dykk om å gå saman i uformelle studiegrupper. Faglærarane vil etablere kollokviegrupper / basisgrupper i starten av semesteret.

Canvas – digitale læringsressursar

HVL brukar [Canvas - læringsplattformen ved HVL - Høgskulen på Vestlandet](#) som digital læringsplattform (du har kanskje tidlegare brukt It's learning, Fronter, Teams eller liknande). I Canvas vil du finne all informasjon om gjennomføringa av emne, alle oppgåver blir utleverte og skal leverast inn i Canvas, og her finn du også alle digitale læringsressursar. Canvas blir også brukt til direkte meldingar (individuelle) mellom faglærer og student. Du kan også kontakte oss på e-post.

Digitale læringsressursar vil til dømes vere korte undervisningsvideoar om emne til undervisninga, øvingsoppgåver, presentasjonar frå førelesingane, podcast, lenkje til eksterne nettsider, videoar og kortare artiklar, og video-/lydopptak frå undervisninga.

Du vil automatisk få tilgang til Canvas når du har teke imot studieplassen og studiestart nærmar seg.

Zoom og utstyr til nettstudiet

Nettundervisninga (fellesførelesingar, nettseminar, møte m.m.) føregår i videomøteprogrammet Zoom. Dette gjev tovegs kommunikasjon mellom lærarar og studentar, har ein chat-funksjon der du kan stille spørsmål og kome med kommentarar, og har ein del annan fin funksjonalitet. Det er enkelt å installere på ei vanleg datamaskin og har vist seg å vere driftssikkert, stabilt og enkelt å bruke.

Problem? Du finn IT-hjelp for studentar på hvl.no >> For studentar >> [IT-hjelp og verktøy](#).

Alle må ha ein normalt fungerande PC/Mac og tilgang på Internett med grei fart. Du bør ha webkamera og headset. En god mikrofon er naudsynt for at andre skal høyre deg klart og tydeleg.

Pensum

I *emneplanen* på hvl.no finn du ei lenkje til «Pensum/litteraturliste» for det aktuelle emnet. Dette er ei lenkje ut til Leganto, som er pensumlistesystemet HVL brukar. Dette er kopla til biblioteket slik at du også kan sjå om bøkene finst der. Pensumlistene for hausten blir publiserte 1. juli. **MERK:** Sjå til at du går inn på pensumlista for *studieåret 2024/25!*

Når semesteret byrjar og du får tilgang til Canvas, vil du også finne lenkje til pensumlistene der. Nokon bøker, bokkapittel og artklar vil vere tilgjengelege gratis på nett. Dersom dei finst på nettet, vil det vere lenkje i pensumlista. Andre bøker må du skaffe deg sjølv.

Kontaktinformasjon

Du kan kontakte oss på e-post dersom du lurar på noko før studiestart: Studieprogramansvarlig Lars Gjelstad, legj@hvl.no, eller studierettleiar Irene Menes, irene.wolff.menes@hvl.no.